



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2113 - 16/568

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2016

Oversending av klage til uttale - gbnr 11/64 og 85

Kommunen har den 16.10.2015 motteken klage på vedtak om løyve til riving av eksisterande fritidsbustad og etablering av ny fritidsbustad av 28.04.2015.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c.

Synfaring på staden blei gjennomført den 08.12.2015.

Før kommunen forbered saka vidare, vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

Vi ber om ei tilbakemelding om altanen er bygd og tilpassa terrenget slik det er skildra i godkjent teikningar (snitt og foto). **Frist for innsending av uttale til klagen er 20.01.2016.**

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og Miljøutvalet i møte den 17.02.2016. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommune si heimeside www.lindas.kommune.no

Handsaminga i Plan- og Miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av Plan- og Miljøutvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Vedlegg:

Ang byggesak 14.2113

Kopi til:

Nils Bjerkeng	Hjellestadvegen 122H	5258	BLOMSTERDALEN
Trine Linde og Jan Tore Strømme	Geitevikja 16	5353	STRAUME

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------